

# ng i Oslo



HAUGLAND

hyggeleg å få delta, seier Bar-men.

## Champagne og kanapear

Katrine Borgenvik sendt inn eit pleksitrykk med namnet «Å teikna min strek».

– Eg visste ikkje på førehand at dei ville stilla ut alle bileta dei fekk inn. Eg var difor glad for at bileta mitt kom med og at eg blei invitert til slottet. Det er ikkje kvar dag at eg er på utstilling med champagne og kanapear saman med dei mest anerkjente grafikarane i landet. Det var også veldig stas å få helsa på dei kongelege, seier Borgenvik.

Ho fortel at bileta ho gav til Slottet er det første trykket av eit opplag på 20.

– Rigmor Nygård er kritisk til korleis bileta er hengt opp. Kva synest du?

– Mitt bilete har nok fått ein betre plassering enn Rigmor sitt. Men måten å henga opp på skuldast at ein har valt å ta alle bileta med på utstillinga. Dersom ein hadde gjort eit utval kunne eg risikert at eg ikkje fekk bli med, seier Borgenvik.

Utstillinga i Kunststallen opna 4. juli og skal henga fram til 24. september 2017. 166 grafikarar har levert arbeid til utstillinga. Her er mellom anna kjende namn som Kjell Nupen, Frans Widerberg og Håkon Bleken, Unni Askeland og Magne Furuholmen.

Det er så langt nesten 15.000 som har sett utstillinga.

► **Hilde Vormedal Nybo**  
hildevn@sunnhordland.no

## FAKTA:

► Dronningens Kunststall ligger dei gamle stallbygningane ved slottet, og er ein del av slottet som ikkje er tilgjengelege for publikum.

► Sjølvne lokale var ei gåve til HM Dronning Sonja frå Kongen. Stallen skulle bli ein arena for kunst og kultur med offisiell opning på Dronninga sin 80-årsdag, 4. juli 2017

► Frå 5. juli har Kunststallen vore open for publikum. I høve 80-årsdagen til dronninga donerte mange norske grafikarar kvar sitt grafiske verk. Totalt 164 verk. Dette er opningsutstillinga i Kunststallen.

## Stiller ut husflid

► **MESSE:** Strikketøy, skinnarbeid, broderi, tauverk, fenderar, trearbeidar, keramikk, akvarellar, barneklede, måleri er noko av det ein kan få kjøpt når det er husflidsmessa på Tysnes 2. og 3. september.

– Laurdagen blir det heldt det foredrag i biblioteket av Kjell Magnus Økland. Han skal snakka om Oselveren, den levande båten – med ein Tysnesvri. Han stiller ut ein fullrigga, nyrestaurert

Oselvar i hallen. Egil Meland er ein habil båtbyggjar og han har laget eit byggjesett som brukast i undervisings-samanheng på Sunnhordland Folkemuseum. Denne laurdagen vil han vise oss hovudprinsippa i bygging av færing ved å sette saman dette byggjesettet, skriv Tysnes Husflidlag i ei pressemelding. Husflidsmessa er ein del av Kystsogeveken og Kulturminnedagane.



## Kvinneband på Vestlandsturne

► **MUSIKK:** Violet Green er eit band med seks kvinner frå Stockholm. Dei har turnert rundt om i Sverige dei siste tre åra med ein konsert dei har kalla «A tribute to women pioneers in blues and rock 'n' roll».

No er dei inviterte til Norge og Vestlandet av Maria Malmsten, som såg framस्याninga i Stockholm og var svært begeistra.

– Det var verkeleg bra,

og dei har hausta mykje fin kritikk for framsyninga. So no kjem dei til Vestlandet i perioden 15.–23. september, der dei skal opptre fleire stader, blant anna i Kvinnerad, Bergen, Haugesund og Bømlø. Dei skal ha tre framsyningar på Stord, og i tillegg skal dei ha forelesingar på Skeisvang ungdomsskule, Universitetet i Bergen og Stord vgs., fortel Malmsten.

## Opnar museumsdørene

► **MUSEUM:** Søndag 3. september vert det tradisjonen tru open dag på Årskog museum. Det vert mellom anna foredrag om Årskog museum ved museumsconservator Helge Pedersen, og forteljarstund ved Johanne Øvstebø Tvedten.

– Husflidslaget demonstrerer ulike handarbeidsteknikkar, spinning, karding og veving på Oppstadveven. Minikurs i produksjon av Årskogkastet. Bygdekvinnelaget demonstrerer smørkiding og flatbrødbaking. Aktivitetar for born, pust i pøsen (røgnebærblåsing), eplekranslagning, fiskespel, hestekokasting, hoppetulagning, heiter det i ei pressemelding frå arrangørane.

Årskog museum er ein gammal vestlandsgard som brørne Lars og Olai Årskog testamenterte til Fitjar kommune i 1980. Garden har vore i same slekta i om lag 400 år.



# Slik blir jazzhausten

Stord Jazzklubb ligg ikkje på latsida. Fram til nyttår byr dei på nærare ti konsertar på høgt nivå.

– Sidan oppstarten for eitt år sidan har me hatt tolv arrangement me godt besøk. Publikumsnittet har lege oppunder 100, så no køyrer me berre på vidare, seier leiar Olav Fjell i jazzklubben.

## Rikt program

Onsdag kunne han presentera eit rikholdig program fram mot årsskiftet, med avspark alt laurdag 9. september. Då spelar Thomas Dahl & Court, med Magne Thormodsæter frå Stord på bass, på Grand Hotell. 30. september spelar Stord Musikklag og Breibandet Big-Band.

Søndag 8. oktober spelar Tor Yttredal – også han frå Stord – og Vagleik Storaas i Stord Kulturhus, i høve Flygelfest.

Tuning Expedition, med Gisle Alsaker på vokal, spelar på Arena laurdag 28. oktober.

– 30. november er det dukka for det som kanskje er haustens høgdepunkt, med Terje Isungset Icemusic. Det må berre opplevast, påstår Fjell stolt.

I vedtektene står det at Stord jazzklubb skal vera ein arena for lokale utøvarar og musikkstudantar. Samstundes står det at målet er å gjera jazzmusikken tilgjengeleg, gjennom presentasjon av både nasjonale og internasjonale utøvarar.



**JAZZHJØRNA:** Styret i Stord jazzklubb gler seg til ein innholdsrik haust. Frå venstre: Kjell Arne Møklebust, Olav Fjell og Wenche Marie Eriksen. FOTO: KJETIL ØSTREM

## Gode folk

Med seg i styret har Fjell fått Kjell Arne Møklebust, Wenche Marie Eriksen, Ole Jacob Hystad og Terje Stensletten.

– Det er viktig å ha gode folk rundt seg, for det er mykje arbeid å driva jazzklubb. Den klassiske tabben er å slita seg ut. Og då dør aktiviteten sjølvsagt ut, påpeikar Fjell.

Jazzklubben kostar også

pengar. Kvar konsert har eit budsjett på mellom 20.000 og 40.000 kroner.

– Me er heilt avhengige av å kjenna kvar krik og krok i tilskotshierarkiet. Og der er Olav eit unikum. Noko som er heilt avgjerande, for det er umogeleg å driva berre på bakgrunn av billetinntekter og kontingent, seier Møklebust.

På berre nokre månader har

Stord jazzklubb fått tak i nærare 300.000 kroner.

– Me får blant anna pengar frå Norsk Jazzforum. Her går det an å søkja om både eingongsstøtte, og diverse tilleggstilskot, fortel han.

## Høgt medlemstal

Stord jazzklubb kan skryta av å ha 212 personar på medlemslista si.

– Både medlemstalet, og oppslutninga på konsertane, tyder på at det er grunnlag for ein jazzklubb på Stord, slår Fjell fast.

## ► Kjetil Østrem

kjetil@sunnhordland.no



**GALSKAP:** Konservator Helge Pedersen presenterer utstillinga om psykiatrihistorie på haustfeiringa på museet laurdag. FOTO: SUNNHORDLAND MUSEUM

## Feirar hausten på museet

Både fisk, sopp og psykiatri på menyen.

Mens ungane får prøva seg som både smedar og rognebærskyttarar på museet laurdag, får dei vaksne mellom anna sjå og høyra om psykiatrihistorie. I tillegg kan sopplukkarar få kontrollert om fangsten deira er etande. Dette er berre nokre av aktivitetane når Sunnhordland museum inviterer til haustfeiring førstkommande laurdag.

– Her blir det noko for både små og store, og alle er velkomne, seier direktør Håvard Tvedte.

Saman med fleire samarbeidspartnarar er det laga til eit rikholdig program både inne og ute. Stord husflidslag opnar kafé og demonstrerer gamle handverk, blant anna skal barna få smi pinnar til «Bolla Pinnsvin». Venelaget for parken sørgjer for at dei yngre får testa ut egne barkebåtar. Det blir òg mogeleg å skyta med rognebær og å fiska «fiskar», og då kan det

bli premie.

Konservator Helge Pedersen innleiar om den aktuelle utstillinga om psykiatrihistorie, «Galskapens fengsel». Samstundes, ein annan stad i museet, inviterer formidlingsleiar Johanne Øvstebø Tvedten alle barna med inn i ei spennande forteljing om skarvar.

Stord knivklubb viser knivar og det blir òg mogeleg å kjøpa bøker. Mellom anna vil Venelaget for Leirvik fyr selja den nye boka til Bjørn Angell Bergh om fyret. I tillegg er det open krambu og

mogeleg å sjå andre utstillingar på museet, for eksempel om torskefiskets rolle for Noreg og kystkulturen. Her bidreg Fred Ola Bjørnstad med fiskarviser.

Også soppinteresserte får sitt då Sunnhordland botaniske foreining inviterer til soppkontroll for alle som ønsker å få sjekka innhaldet i korga si.

## ► Magne Kydland

magne@sunnhordland.no

## KUNNGJERING

Kystkultur  
tradisjon og utvikling... **Kystsøge**  
vekene

Fem veker med kystkultur,  
folkeli, konsertar, foredrag,  
marknad i 22 kommunar  
frå Gulen i nord til Sveio i sør!



12. august til 17. september

Stilling: Kystsøgeveke  
www.kystsogevkene.no



**Statens vegvesen**

**Bilfører 65+**

Nytt kurs i september  
på Stord trafikkstasjon.

Påmelding:  
www.vegvesen.no

**TURID VIKENE**  
**KERAMIKK**

Verkstadutslag på Ådland

**Stort sett åpent:**  
Tirsdag, onsdag og fredag 10-16  
Torsdag 10-18.  
Ellers etter avtale.

Tlf. 975 90 014

## UTELIV

FRUGÅRD



**LØRDAG 2. SEPTEMBER**

Ein heilaften med  
**MYHRE'S PPT**  
& **POLITIET**

Dørane åpner kl 20.00  
Spelestart 21.00

Billetter kjøper du i døra eller på: frugard.ticketco.no

VELKOMMEN  
www.frugaard.no - Tlf. 534 10 534



**PILGRIMSVANDRING**



Pilgrimsvandring  
- den gamle Kyrkjevegen  
over Fitjar-fjellet.

Oppmøte ny parkeringsplass.  
Vistvik, kl. 08.30, søndag  
03.09.17. Middels tung,  
våte parti. Ta med nista og  
evt klebyte. Gudstenesta  
i Fitjar kyrkja kl. 12.00.  
Skysst tilbake. Turleiar:  
Johannes Nesse og Hjørdis  
J. Hegglund- 481 14 681.  
Hjarteleg velkomne til ei  
unik og gild oppleving!  
Møt i god tid.

Arr. Stord kyrkjeakademi,  
Stord-Fitjar turlag,  
Fitjar sokneråd.

STORD-FITJAR TURLAG



**STORD IDRETTSLAG**  
FRIDRETT

**IDRETTSMERKE**  
**-PRØVAR**

Stord I.L. skipar til  
Idrettsmerkeprøvar  
på Stord Stadion  
Fylgjande måndagar:  
4., 11., 18. september  
Alle dagar  
Kl. 18.00 - 19.00  
Vel møtt!

**TOOLS** Maskinhjørnet A/S



**SUNNHORDLAND TINGRETT**

**Proklama**

Krav etter den avlidne må meldast innan seks veker  
til Sunnhordland tingrett, Postboks 54, 5401 Stord,  
om dei ikkje skal gå tapt. Krav skal meldast til  
bustyrar der slik er oppnemnd.

**17-134846DBO-SUHO John Hans Peters,**  
**fødselsnr. 16.07.1955 27903,**  
**Siste bustad:** Furulyvegen 51, 5416 Stord  
**Dødsdato:** 21.06.2017  
**Bustyrar:** Adv. Haldor Tveit, Advokat Haldor Tveit  
Postboks 226, 5402 STORD

**Ortopediske  
hjelpemidler**

man. og tirs. i partals-  
uker kommer vår  
ortopedi-ingeniør til Fyl-  
kessjukehuset på Stord.

Ring 55 20 64 60  
for timebestilling  
**DREVELIN ORTOPEDI**  
Møllendalsbakken 6, 5009 Bergen

**BRANN** **POLITI** **AMBULANS**  
**110 112 113**



**Friluftslivets uke**

**2. - 10. SEPTEMBER 2017**

Friluftslivets uke arrangeres i samarbeid med turlag og andre friluftslivsorganisasjoner i Sunnhordland og Nord-Rogaland. Du kan finne mer detaljert info på de ulike arrangørenes nettsider og på friluftsrådets nettsider [www.frivest.no](http://www.frivest.no)  
Søndag 3. sept. arrangerer turlaga Friluftslivets dag/ Kom-deg-ut dagen i Haugesund, Bømlo, Stord, Sauda og Kvinnherad.

**ARRANGEMENTER:**

**3/9 KOM DEG UT, SKJEPHAUGEN, STORD**  
Kl. 12.00-15.00. Barnas Turlag inviterer til den årlige 'Kom deg ut-dagen' ved gapahuken i Skjephaugen. Padling - Turtipp- Natursti- Servering av pølser, saft og kaffi. Arr: Barnas turlag - Stord-Fitjar

**3/9 KOM DEG UT DAGEN PÅ HISKJO, BØMLO**  
Kl. 12.00-15.00. Her kan barn og voksne boltre seg med mange ulike gratis aktiviteter og lære seg å nyte ein dag ute i frisk natur i nærleik til havet.  
Arr: Bømlo Turlag i samarbeid med Meling Speidergruppe og Bømlo RK Hjelpekorps. Arr: Bømlo Turlag

**6/9 SENIORTUR TIL SELBJØRN, AUSTEVOLL**  
På denne turen skal me gå frå Rabben opp på Midtjfellet (168 moh) ned i Kongsdalen og opp på Kongsen (185 moh) høgste toppen på Selbjørn.  
Turleiar Jarle Hevrøy mob. 99303404. Middels/Tung tur. Gangtid ca. 4 timar.  
Arr: Stord-Fitjar Turlag

**7/9 FOTTUR FOR FRAMANDSPRÅKLEGE, STORD**  
Ettermiddagstur i samarbeid med internasjonal Kulturklubb Frammote v/ Essostasjonen i Leirvik kl 18.00 Arr. Stord-Fitjar turlag

Koordinator for friluftslivets uke er:



**Friluftsrådet VEST**

Samarbeidspartnere:






## KUNNGJERING

Kystsoge  
vekene

7. klassane Rommetveit skule, Villvettene Friluftsbarnehage og Stord Sogelag presenterer programmet «Vikingtid på Rommetveit»  
**Tid:** Onsdag 6. september kl. 17.30 – 19.30  
**Stad:** 1730: Naustuft ved sjøen nedanfor idrettsbana til Høgskulen.  
 Etterpå gjennom skulehagen til Gymsalen på Rommetveit skule (1830).  
 Alle er velkomne.



## Sunnhordlands treff i Bergen



Trekking av iPad Mini, og festivalpass til Tynesfest 2018 og Festidalen 2018! Servering av mat og drikke!

13. september står hyggjelege folk frå bedrifter, kommunar og festivalar i Sunnhordland klare til å ta imot deg i Bergen!

Du er invitert til ein triveleg kveld på veteran skipet M/S Sunnhordland som ligg til kai i Bergen.

Ombord kan du knyte kontakt med framtidige arbeidsgjevarar, det blir mat og drikke og sjølv sagt premiar og underhaldning!

Meld deg på innan 7. september!

Send SMS med namn og e-postadresse til tlf 901 05 818 eller e-post til [firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no](mailto:firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no)

Arrangementet er gratis og passar for deg som ynskjer å bli betre kjend med moglegheitene i Sunnhordland. Kanskje du er student, eller har jobba nokre år i Bergen og lurar på å flytte? Aldersgrense: 18 år.



M/S Sunnhordland  
 Bradbenken 2,  
 Bryggen i Bergen.  
 13. september kl. 17.00

[buisunnhordland.no](http://buisunnhordland.no)



## KOM DEG UT-DAGEN

Søndag 3. september kl. 12.00 til 15.00  
 Inviterer Barnas turlag/Stord Fitjar turlag til den årlege kom deg ut- dagen ved gapahuken i Skjephaugen.

- Kanopadling
- Musikk innslag v/Rommetveit skulemusikk
- Turtipp
- Natursti v/Ås barnehage
- Slakklina
- Spikking

Velkommen til den største søndagsturen i landet!



STORD KOMMUNE  
[www.stord.kommune.no](http://www.stord.kommune.no)

## POLITISKE MØTE I SEPTEMBER

6. Formannskapet, budsjettkonferanse	kl. 09.00
6. Formannskapet	kl. 12.00
7. Forvaltningsstyret	kl. 14.00
18. Eldrerådet	kl. 13.00
19. Rådet for funksjonshemma	kl. 14.00
21. Kommunestyret	kl. 14.00

Møta er opne for publikum og saksapir er tilgjengeleg på [www.stord.kommune.no](http://www.stord.kommune.no)

AMBULERANDE RØYSTING/  
RØYSTING HEIME

Veljarar som p.g.a. sjukdom eller er uføre og ikkje har høve til å røysta der det vert halde førehandsrøysting eller på valdagen, kan søkja om å få røysta heime eller der dei oppheld seg. Ta kontakt med rådhuset på tlf. 53 49 66 00.

Fristen for å melda frå er sett til tysdag 5. september – heimebesøk vert onsdag 6. september.

## FØREHANDSRØYSTING

Opningstider i rådhuset:	
Kvardagar til og med veke 36	kl. 09.00 – 15.30
Laurdag 2. sept.	kl. 10.00 – 14.00
Torsdag 7. sept.	kl. 09.00 – 18.00
Fredag 8. sept. NB! siste dag	kl. 09.00 – 18.00

Ta med legitimasjon og valkort!

## RØYSTING PÅ INSTITUSJONAR

4. sept. Knutsåsen Omsorgssenter	kl. 10.30 – 12.00
5. sept. Stord sjukeheim	kl. 10.30 – 12.00
6. sept. Rehabiliteringssenteret	kl. 12.30 – 13.30
8. sept. Stord sjukehus	kl. 11.00 – 12.30

## RØYSTING PÅ VALDAGEN 11.09.

Sagvåg krins – Nysæter ungdomsskule, gymsal	kl. 09.00 – 21.00
Leirvik krins – Kulturhuset	kl. 09.00 – 21.00
Nordbygdo krins – Prestagardsskogen fleirbuksall	kl. 09.00 – 21.00
Huglo krins – «Gamleskolen»	kl. 15.00 – 18.30

Ta med legitimasjon og valkort!

TYSNES HUSFLIDSLAG arrangerer  
HUSFLIDSMESSE

I TYSNESHALLEN, Våge på Tynes, laurdag 2. og søndag 3. september 2017

Inngongsbillett kr 50,- Born gratis (under 15 år)  
 Sal av husflid og handverk.

## OPNINGSTID:

Laurdag kl. 11.00-15.30  
 Søndag kl. 12.00-15.30

Foredrag «Oselvaren - den levande båten - med ein Tynesvri» av Kjell Magnus Økland laurdag kl 12.00.  
 Demonstrasjon av bygging av færing med Egil Meland laurdag kl. 13.30.

Sponsorer: Tynes Sparebank Alsaker Fjordbruk  
 Tynes Kraftlag Egningsrådet Hordaland AS HAAHEIM GARD

OPEN DAG PÅ ÅRSKOG  
MUSEUM I FITJAR

Sundag 3. september, kl. 13.00 - 16.00.

- Foredrag om Årskog
- Fortellerstund
- Demonstrasjon av handarbeidsteknikkar
- Aktiviteter for born
- Minikurs i Årskogkastet
- Kafe

Billettpris: kr. 50/vaksne, kr. 20/born 3-16 år.  
 For meir info sjå [www.fitjar.kommune.no](http://www.fitjar.kommune.no)



Fitjar kommune

PULVERHEKSA  
og vennene hennes

Av Ingunn Aamodt

Stord Kulturhus  
 torsdag 7. september kl. 18.00

Kle deg ut, draumeprinsen inviterer til ball.  
 45 min (utan pause) Høver for barn frå 3 år og oppover.

Tips? 40 40 32 40  
 Sunnhordland

## ORDFØRARANE SIN DAG

**STORD**

**Fredag** 09.00: Møte Samarbeidsrådet for Sunnhordland  
10.30: Møte med rådmann  
11.30: Besøk frå Stord ungdomsskule  
13.30: Ordførarkrok, Sagvåg

**FITJAR**

Søndag klokka 13:  
Open dag, Aarskog museum



## September er ei skjønn, moden kvinne med kloke trekk og gyllent hår

Tove Ditlevsen (1917-1976), dansk forfatter

## FEM PÅ EIN FREDAG

1. Kven klarte seg best under valdebatten på Bømlo kulturhus onsdagskvelden?
2. Er du tryggare på kva parti du skal stemma på til valet?

**Hege Økland, Bømlo**

1. – Knut Arild Hareide og Magne Rommetveit synest eg kom best ut av debatten
2. – Eg fekk styrkja synet mitt av det partiet som eg sjølv hadde valt meg før møtet.

**Leif Blåsternes, Foldrøyhamn**

1. – Njåstad synest eg klarte seg best. MDG og SV synest eg berre preika tull.
2. – Eg har ikkje blitt svakare i trua på kva parti eg skal stemma sjølv.

**Maren Landmark, Moster**

1. – SV synest eg var flink, ho veit korleis ho skal snakka med ungdommar.
2. – Eg hadde bestemt meg, men no er eg ikkje så sikker lenger.

**Vidar Schei, Bømlo**

1. – Dei store partia klarte seg best. Sp og SV synest eg kom litt skeivt ut.
2. – Eg hadde bestemt meg før møtet, og fekk også bekrefte kva eg vil stemma.

**Kirsten Økland, Rubbestadneset**

1. – Eg veit ikkje, nokon var veldig flinke, og andre mindre flinke.
2. – Eg fekk bekrefte at for meg er det viktig med eit parti som støttar opp om oss eldre, og om skule og omsorg.

► **Henrik Mundal Andreassen**  
henrik@sunnhordland.no

## 24 søkjarar til sjefsjobb

**GEIR ANGELTVEIT**

Det har meldt seg 24 søkjarar til jobben som dagleg leiar i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM), i samband med at Terje Gilje går av med pensjon. Berre tre av søkjarane er kvinner.

**Søkjarlista**

1. Geir Raudstein Aasheim, fødd 1971, prosjektingeniør, Stord
2. Reidunn Aasheim, fødd 1966, Senior Risk Manager, Stord
3. Tor Magne Albretsen, fødd 1973, prosjekt-ingeniør, Stord
4. Bård Alfstad, fødd 1967, dagleg leiar, Fjell
5. Marita H. Andersen, fødd

**REIDUNN AASHEIM**

6. Geir Angeltveit, fødd 1988, miljøarbeidar, Stord
7. Leif-Harry Bauge, fødd 1960, leiar, Stord
8. Arne Bjelland, fødd 1967, dagleg leiar, Stord
9. Yngve Bryn, fødd 1963, dagleg leiar, Kvinnherad
10. Anonym, kvinne
11. Morten I. Halhjem, fødd 1991, formann, Fitjar
12. Audun Halleraker, fødd 1964, dagleg leiar, Bømlo
13. Jarle Helland, fødd 1961, avdelingsleiar, Stord
14. Jarle K. Hitland, fødd 1960, senioringeniør, Bergen
15. Mindor S. Kvamme, fødd

**ARNE BJELLAND**

- 1955, arbeids-søkjar, Bergen
16. Finn Inge Langeland, fødd 1958, produkt-utvikling/marknadsføring/IT, Stord
17. Dan Olsen, fødd 1971, regi-ondirektør, Haugesund
18. Ole M. Otterlei, fødd 1954, rådgjevar, Bergen
19. Anonym, mann
20. Alf Kristian Selle, fødd 1958, Bømlo
21. Jostein Engedal Stormo, fødd 1978, arbeidssøkjar, Sveio
22. Ole Johannes Støle, fødd 1980, dagleg leiar, Tysnes
23. Ole M. Tjøstvoldsen, fødd 1987, salsmedarbeidar, Bergen
24. Haakon Ørland, fødd 1966, dagleg leiar, Stavanger

## Det er berre til å komma seg ut



Søndag skipar Barnas Turlag/ Stord-Fitjar Turlag til den årlige Kom deg ut-dagen ved gapahuken i Skjephaugen.

Dette er ein nasjonal turdag,

som vert arrangert to gonger i året: Første helga i september, og på vinteren. På vinteparten plar ein lokalt samlast ved Lundarstøl.

I Skjephaugen kan ein vera med på alt frå padling på Skjepåsvatnet, natursti, turteip, og ikkje minst får ein servert både pølser, saft og kaffi.